

Telemark
fylkeskommune

Kontrollutvalets årsmelding 2017



Telemark

Agder og Telemark
Kontrollutvalgsekretariat IKS

1. INNLEIING

Årsmelding for Telemark kontrollutval for 2017 skal gje eit bilete av utvalet si formelle rolle, forholdet til revisjonen og sekretariatet og dei viktigaste sakene som er handsama i året som har gått. I høve kommunelova er kontrollutvalet det einaste politiske utvalet ei kommune er pålagt å ha, utanom formannskapet.

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Utvalet gjev kvart år ei uttale til kommunerekneskapen. I tråd med forskrift for kontrollutval, skal utvalet rapportere resultatet av dei forvaltningsrevisjonsprosjekta og selskapskontrollane som vert gjennomført årleg. Kontrollutvalet rapporterar direkte til fylkestinget.

2. SAMANSETNAD AV KONTROLLUTVALET

Alle fylkeskommunar er pliktige til å velje eit kontrollutval på det konstituerande fylkestingsmøtet etter kvart fylkesval. Fylkestinget kan velje nye medlemmer til kontrollutvalet i løpet av valperioden, men då må heile utvalet formelt veljast på nytt. Reglar for val av medlemmar til kontrollutvalet er nedfelt i ei eiga forskrift. Det er strenge avgrensingar for kven som er valbare til utvalet, mellom anna kan ein ikkje vere tilsett i fylkeskommunen.

Telemark kontrollutval har for perioden 2015 – 2019 denne samansetnaden:

Medlemmer		Varamedlemmer
Leiar	Per Lykke (H)	Vara H
Nestleiar	Einfrid Halvorsen (Ap)	Inger-Lise Wiersdalen
Medlem	Leif Refsdal (KrF)	Erik Søndagård
Medlem	Tor Erik Baksås (Sp)	
Medlem	Karianne Hansen (FrP)	Vara Ap
		Bjarne Bakken
		Ruth Ryste
		Vara FrP
		Jon Pieter Flølo
		Nelly Olsen

	Adrian Ness Løvsjø
	Vara KrF
	Kristian Espeland
	Vara Sp
	Per Simon Slettebø
	Rønnaug Woxen Toen
	Tone Sofie Dale Solvang

Kommunelova krev at minst eitt av medlemmane skal veljast blant fylkestinget sine medlemmar. Departementet har tolka dette slik at dette gjeld val ved fylkestinget si konstituering. Leiar Per Lykke er fast medlem av fylkestinget.

3. RAMMER FOR KONTROLLUTVALGETS ARBEID

Etter Kommunelova § 77 er fylkestinget pålagt å opprette eit eige kontrollutval som skal stå for løypande tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga og dei folkevalde organa som fylkestinget har oppretta. Tilsynet og kontrollen skjer i fylkestinget sin stad.

Kommunelova § 77 slår fast:

4. « *Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*
5. *Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.»*

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men fylkestinget kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på deira vegner. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølgje kommunelova sørge for mange oppgåver som vi vil komme nærmare inn på seinare.

4. OPPLÆRING OG KURS

Ein opplever at det vert stilt stadig større krav og forventningar til kva kompetanse Kontrollutvalet skal ha, både frå det politiske miljø og innbyggjarane. Regelverk endrar seg, og kontroll og tilsyn er eit komplekst felt som famnar om det meste av kommunal verksemd. Det er naudsynt å legge til rette for opplæring og kursverksemd for alle medlemmar av Kontrollutvalet.

Kunnskap om kva rolle kontrollutvalet har, oppgåver og lovverk er sentralt for å utføre dei lovpålagte oppgåvene utvalet har. Slik opplæring og kursing kan skje lokalt (haust- og vårkonferanse og andre tilbod i regi av Temark) eller gjennom ulike sentrale tilbod. Utvala vert årleg invitert til blant anna landskonferansen for kontrollutval i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF). Dette er ei viktig samling for å gje kontrollutvalsmedlemmane ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmar frå heile landet møtast og drøftar saker og arbeidsmetodar.

I 2017 deltok Leif Refsdal og Tor Erik Baksås på Temark sin vårkonferanse i Vrådal.

Leiar Per Lykke og Karianne Hansen deltok frå kontrollutvalet på ein felles studietur til Danmark med kontrollutvalet i Vestfold fylkeskommune. Studieturen hadde som formål å samle erfaringar frå arbeidet med kommune- og regionreforma i Danmark, med spesiell vekt på kontroll og tilsynsperspektivet.

5. SEKRETARIAT

Kontrollutvalet får sekretariatsbistand frå Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS (Temark). Telemark fylkeskommune er medeigar i Temark.

Med oppdrag for 34 kommunar i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark er Temark eit av dei største kontrollutvalssekretariata i landet. Sekretariatet har 7 tilsette, fordelt på 4 personar ved hovudkontoret i Bø og 3 personar ved kontoret i Arendal. Fast sekretær for Kontrollutvalet i fylkeskommunen fram til november 2017 var dagleg leiar Line Bosnes Hegna. Frå november overtok Ingebjørg Liland som sekretær.

Sekretariatet førebur sakene til kontrollutvalet, skriv saksframstillingar, syter for praktisk tilrettelegging og oppfølging av møte, samt følg opp kontrollutvalet sine vedtak.

I det pågåande arbeidet er sekretariatet bindeledd mellom utval og revisjonsselskap og mellom utval og administrasjon, og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet.

6. REVISJON

Fylkeskommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Telemark kommunerevisjon IKS (TKR). Selskapet leverer revisjonstenester til tjue kommunar og ein fylkeskommune.

TKR utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for Telemark fylkeskommune. Avtalen mellom TKR og fylkeskommunen omfattar timar til fordeling på rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Selskapskontroll er ei teneste som vert kjøpt i tillegg.

Oppdragsrevisor for fylkeskommunen er Birgitte Holmberg og oppdragsansvarleg revisor er Lisbet Fines. Kirsti Torbjørnson er oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor.

7. ØKONOMI

For å utøve sin funksjon på ein god måte har kontrollutvalet lagt vekt på å be fylkestinget om økonomiske rammer som gjer det mogleg med den aktiviteten som det vert lagt opp til i møte- og arbeidsplanen. Kontrollutvalet er i tråd med kommunelova pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsverksemda i fylkeskommunen.

Rekneskapsstala for den samla kontroll- og tilsynsverksemda i fylkeskommunen kjem fram av kommunen sitt samla årsrekneskap Ansvar: 1003 Kontrollutvalet.

<i>Kontrollutvalget</i>	<i>Regnskap 2017</i>	<i>Budsjett (end) 2017</i>	<i>Regnskap 2016</i>
Utvalget	467 630	860 700	515 206
Revisjon	2 608 200	2 608 200	3 075 500
Sekretariat	485 000	485 000	470 000
Sum utgifter	3 560 830	3 953 900	4 060 906

Kontrollutvalet vil få lagt fram ei eiga sak som går på økonomien knytt til kontroll- og tilsynsverksemda, slik at kontrollutvalet kan halde seg oppdatert på utvalet si økonomiske stilling, i tillegg til kostnadane til sekretariat og revisjon.

8. KONTROLLUTVALETS ARBEID – MØTER OG SAKER

Kontrollutvalget har i 2017 avholdt 8 møter og handsama 47 ordinære saker.

I likskap med andre folkevalde organ er møta i kontrollutvalet som hovudregel opne.

Sakskart, saksdokument og protokollar vert lagt ut på fylkeskommunen og sekretariatet sine heimesider (www.temark.no).

Kontrollutvalet ynskjer å vere synleg og ha god kontakt med leiinga i fylkeskommunen. Fylkesordførar, fylkesrådmannen eller representantar for rådmannen har delteke på fleire av utvalet sine møte, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i sitt arbeid.

Media har også deltatt på nokre av møta kontrollutvalet har hatt. Utvalet ser det som ei styrke at offentlegheita får kunnskap om saker som kjem opp i utvalet.

Ein stor del av kontrollutvalet si saksbehandling omfattar forhold utvalet er pålagt å arbeide med, gjennom krav i kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval. Kva for fokus utvalet vel i dei ulike arbeidsoppgåvene er det i stor grad opp til utvalet å definere sjølv. Kontrollutvalet kan etter oppmoding frå fylkestinget, etter innspel frå innbyggjarar eller på eige initiativ ta opp forhold ved fylkeskommunen si verksemd, som kan knytast til utvalet sitt tilsynsarbeid. Kontrollutvalet er også opptatt av korleis fylkeskommunen følger opp rapportar frå andre tilsyn.

Saker i kontrollutvalget:

- Forvaltningsrevisjonsrapport – næringsarbeid i fylkeskommunen
- Prosjektplan – Oppfølging av politiske vedtak
- Orientering om fylkeskommunens arbeid mot mobbing i skolen
- Journalføring og offentlegheit i fylkeskommunen
- Orientering om handtering av varslings saker i fylkeskommunen og konkret varslings sak
- NDLA rapport II – økonomisk bidrag til rapporten
- Telemarkskanalen - Årsrekneskap 2016
- Årsrekneskapen 2016 for Telemark fylkeskommune
- Årsmelding 2016 for kontrollutvalet
- TUF – Årsrekneskap 2016
- Førespurnad om å delta i felles selskapskontroll – VIGO IKS
- Revisors uavhengighet 2017
- Forvaltningsrevisjonsrapport NDLA II
- Oppfølging av forvaltningsrevisjon om endringsarbeid – økt gjennomføring i vidaregåande skule
- Orientering av kontrollutvalets vedtak – Betaling av skuleturar – etterleving av gratisprinsippet
- Forvaltningsrevisjonsrapport – Oppfølging av politiske vedtak
- Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2019
- Overordna revisjonsstrategi 2017
- Budsjett for kontroll og tilsyn 2018
- Budsjett for kontroll og tilsyn 2018 - korrigerings

- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjon av Bypakke Grenland
- Bestilling av selskapskontroll
- Regionreform – Telemark fylkeskommune
- Val av revisor til fellesnemda Telemark/Vestfold - uttale
- Forvaltningsrevisjonsrapport NDLA II
- Orientering om budsjett 2018 – Telemark fylkeskommune
- Prosjektplan VIGO IKS
- Tilbod og prosjektplan – Eigarstyring og tiltak for å sikre kompetente styre – evaluering, val og samansetjing
- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjon «Journalføring og arkiv»
- Møte og arbeidsplan 2018
- Orientering frå revisor (kvart møte)
- Referatsaker og eventuelt (kvart møte)

9. REKNESKAPSREVISJON

Revisjon av årsrekneskapsrapporten er ein heilt sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen fylkeskommunen gir om økonomien sin. Dette er ei viktig oppgåve. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekke og førebygge feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å bidra til å førebygge og avdekke feil og underslag.

Kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen blir revidert på ein tryggjande måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av kvar deira oppgåver, er ein viktig føresetnad for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet registrerar at revisor sitt arbeid med å utføre rekneskapsrevisjon dei siste åra er blitt meir omfattande, spesielt knytt til dei mange attestasjonsoppgåvene som vert utført på vegner av staten og andre offentlege organ. I tillegg til å gje skildringar og uttaler mottek kontrollutvalet jamleg i møte, informasjon om utført rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet har ved fleire høve gitt uttrykk for at det vert gjort mykje godt arbeid innanfor området rekneskapsrevisjon og at dei er nøgde med måten revisjonen løyser oppdraget på.

10. FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at fylkeskommunen blir driven på ein måte som tar vare på innbyggjarane sine behov og rettar best mogeleg. Forvaltningsrevisjon er ei av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om fylkeskommunen følgjer regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet har vore delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, innanfor dei rammene som er gjevne av fylkestinget. Kontrollutvalet er delegert mynde til å bestemme korleis avsette ressursar til forvaltningsrevisjon skal nyttast, og revisjonen har gjennomført forvaltningsrevisjonen i tråd med faglege krav i løpet av valperioden.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet mogelegheita til å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i fylkeskommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i fylkeskommunen sin internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtakast av fylkestinget sjølv, men fylkestinget kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Revisjonen la fram overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for Telemark fylkeskommune for kontrollutvalet i starten av 2016. Planen for 2016-2019 vart vedtatt i sak 16/16 av fylkestinget i 27.04.16.

Kontrollutvalet har handsama tre forvaltningsrevisjonsprosjekt og starta opp to prosjekt i 2017:

Næringsarbeid i fylkeskommunen

Rapporten tok føre seg følgjande problemstillingar:

- I kva grad har administrasjonen gjennomført tiltak som kan bidra til at fylkestingets vedtak i sak 28/13 om forvaltning av regionale utviklingsmidlar blir gjennomført?
- Er vedtak om tildeling av TUF-midlar forsvarlig sakshandsama?
- I kva grad følger TUF opp at tildelte midlar blir brukt som føresett?
- I kva grad har TUF tiltak for å følge de prosessuelle reglene for tildeling av offentlig støtte?
- Er avtalen som er inngått med NSF forsvarlig sakshandsama og tilstrekkelig følgt opp?
- Er vedtak om tildelingar av midlar til fylkeskommunen og til prosjekter som fylkeskommunen er bunden til i samsvar med TUF sine vedtekter?
- Har TUF og fylkeskommunen disponert midlane i samsvar med føresetnadene for tildelingsvedtaka?
- I kva grad utløyser handsaminga av søknad om midlar til fylkeskommunen habilitetsproblematikk for styret i TUF?

Rapporten konkluderte med følgjande tilrådingar at fylkeskommunen bør be TUF:

- vurdere å treffe ytterligare tiltak som sikrar likebehandling,
- sikre at styret gir god nok grunngeving for sine vedtak når dei avvik frå innstillinga
- sikre at alle søknader blir svart med underretningsbrev og
- sikre at formelle krav for tildeling av bagatellmessig støtte blir følgt.

Fylkestinget handsama rapporten i møte 25.04.2017, sak 31/17, og fatta følgjande vedtak:

- 1) Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten om næringsarbeid i Telemark fylkeskommune til orientering.
- 2) Fylkestinget ber fylkesrådmannen og TUF følge opp forvaltningsrevisjonsrapporten sine tilrådingar.

Forvaltningsrevisjon NDLA II – utført av Deloitte for Hordaland fylkeskommune

Funna i den fyrste rapporten om NDLA gjorde den nødvendig å bestille ein rapport nr 2. Rapporten blei lagt fram for kontrollutvalet i eit fellesmøte med kontrollutvalet i Vestfold fylkeskommune 14.09.17.

Rapporten konkluderer med å tilrå at NDLA/Hordaland fylkeskommune:

- 1) Sikrar at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkelig informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
- 2) Etablerer rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar innheld all naudsynt informasjon.
- 3) Fullfører arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret.
- 4) Vurderer korleis ein kan tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
- 5) Går gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtaler som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk.
- 6) Sikrar at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkelig informert om system og rutinar for:
 - 1) Aviksmelding og -handtering.
 - 2) Varsling om kritikkverdige forhold
- 7) Sikrar at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.

Rapporten var fyrst handsama i kontrollutvalet og fylkestinget i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune handsama rapporten i møtet 13.11.17, sak 36/17, og slutta seg til vedtaka i kontrollutvalet og fylkestinget i Hordaland fylkeskommune om forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.

Saka vert sendt over til Telemark fylkesting med oppmoding om at fylkesrådmannen ser til at fylkeskommunens styrerepresentant bidreg til at vedtaket i Hordaland fylkesting følgast opp i styret for NDLA.

Fylkestinget handsama rapporten i møtet 06.12.17, sak 147/17. Fylkestingen vedtok samrøystes å ta innstillinga frå kontrollutvalet til orientering.

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet handsama den 28.09.17 sak 24/17, Forvaltningsrevisjonsrapport av fylkeskommunens oppfølging av politiske vedtak.

Rapporten handla om følgjande problemstillingar:

- Har administrasjonen tiltak som sikrar oppfølging av politiske fatta vedtak?
- I kva grad gjennomfører administrasjonen utvalde politiske vedtak?

Rapporten konkluderte med følgjande tilrådingar at fylkeskommunen bør:

- Sikre at manglande gjennomføring av vedtak blir synlege i rapporteringssystemet.
- Sikre at administrasjonens praksis for tolking av og avklaringer om vedtak er omforent med politisk nivå.

Fylkestinget handsama rapporten i møtet 24.10.17, sak 100/17, og vedtok i hovudsak kontrollutvalet si innstilling:

«Fylkestinget tek rapporten til etterretning: Fylkestinget bed om at tilrådingane frå kontrollutvalet vert tekne til følge.

Bypakke Grenland

Rapporten vart bestilt i møtet 13.11.17, sak 33/17. Dette er eit samarbeid mellom kontrollutvala i Skien, Porsgrunn, Siljan og fylkeskommunen. Rapporten ferdigstillast hausten 2018.

Journalføring og arkiv

Rapporten vart bestilt i møtet 14.12.17, sak 43/17. Rapporten ferdigstillast juni 2018.

11. SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll er ei av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig virkemiddel for å sikre at selskapa vert underlagt demokratisk styring og kontroll.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll i 2017. Plan for selskapskontroll 2016-2019 vart utarbeida, handsama av kontrollutvalet og lagt fram for endeleg handsama av fylkestinget i sak 57/16 den 7.6.16.

Kontrollutvalet har starta opp to prosjekt i 2017 som vil ferdigstillast i 2018.

Vigo IKS

Rapporten vart bestilt i møtet 14.12.17, sak 41/17. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom fleire fylkeskommunar og Oslo kommune. Prosjektet ledast av kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune. Rapporten ferdigstillast desember 2018.

Eigarstyring og tiltak for å sikre kompetent styre – evaluering, val og samansetjing

Rapporten vart bestilt i møtet 14.12.17, sak 42/17. Rapporten ferdigstillast april/mai2018.

12. KONKLUSJON OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vert med dette lagt fram for fylkestinget til orientering. Ved å sjå årsplan og årsmelding for 2017 i samanheng, kan fylkestinget sjå om dei vedtekne oppgåver og målsettingar for kontrollutvalet er eller blir følgt opp.

Skien, 01.02.18

Per Lykke
Leiar

Ingebjørg Liland
Sekretær